

**Husnes Båthavn vann, som i fjor, tevlinga til Norske Gjestehavner og Båtmagasinet om å bli "Årets gjestehavn". Uskedal Båtlag kom på åttandeplassen, bak Bjoa. Husnes vann med 75 røysters overvekt og det var 131 hamnar som fekk røyster i tevlinga.**

Husnes har og sett ein formidabel gjesterekord i år, med 3.700 gjestedøgn, som er 1.00 fleire enn i fjor. Det har vore 125 båtar på vitjing samstundes i hamna sjølv om kapasiteten eigentleg er 60.

Tevlinga var knivskarp med Grimstad og Marina Hemnesberget på dei to neste plassane. Båtgfolket er særleg fornøgde med fasilitetane på Husnes , som fin sandstrand, godt dusj- og toalettanlegg, gode brygger, trådlaut nettverk, kort avstand til kjøpesenter med alle servicetilbod og banar for sandvolleyball, fotball, golf og tennis.

- No må vi snart utvida, seier leiar Peder Erling Hauge i Husnes Båtlag.